

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skrevet: 01.02.2006
Saksbehandler: Terje Arne Krokvik
Vedrørende: **Konsernbudsjett 2006**

Styresak 005/06 B

Styremøte 08.02. 2006

Bakgrunn

Helse Vest la i førre møte under sak 114/05 B fram forslag til inntektsfordeling 2006 og førebels resultatkrav 2006. Det vart under punkt 3 i vedtaket vedrørende førebels resultatkrav fatta følgjande vedtak:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Resultatkrav	0	-10 000	-60 000	-30 000	110 000	10 000

Administrerende direktør får fullmakt til å sjå dei endelege resultatkrava for helseføretaka inn mot dei samla utfordringane føretaka har, innafor ei ramme på 10 millionar kroner. Samla skal resultatet for Helse Vest vise balanse.

Helseføretaka har med basis i vedtatt inntektsramme for 2006 samt førebels resultatkrav behandla sine budsjett i respektive styrer. Budsjetta for 2006 for det enkelte helseføretak er fastsett i tråd med vedtaket under sak 114/05 B. Denne saka omhandlar konsernbudsjettet for føretaksgruppa Helse Vest, som igjen bygger på budsjettvedtaka i helseføretaka. I tillegg blir det foreslått ei omfordeling av inntektsramma som følge av intern laboratorieteneste slik at ein slepp internfakturering mellom helseføretaka. Saken tar også for seg ei korleksjon for interne gjestepasientstraumar som påverkar tildelinga til Helse Stavanger og Helse Fonna.

Kommentar

Helse Vest har i etterkant av vedtak om inntektsfordeling 2006 til helseføretaka mottatt bestilling 2006 frå eigar. Det blir her understreka at produksjonen for 2006 skal vidareførast på om lag same høge nivå som i 2006. Det er i budsjettet for 2006 lagt inn ei føresetnad om kodevekst på 1 %. Det er derfor gitt aksept for ein auke i DRG poeng som tilsvarar 1 % vekst jamført mot 2005. Ein vekst ut over dette nivået kan føre til bruk av basisløyvinga som ikkje er i tråd med krava til faglege prioriteringar og rekneskapsmessig balanse i 2006. Dette er ein krevjande situasjon då helseføretaka har ei underliggjande vekst i produksjonen frå 2005 som ein drar med seg inn i 2006. Med ein ISF grad på 40 % vil ein vekst ut over 2005 nivået sannsynlegvis forsterke den økonomiske utfordringa.

I bestillinga frå HOD er det lagt inn ein føresetnad om produksjon målt i DRG poeng på totalt 215 884. Dette inkluderer produksjon i egne helseføretak, private ideelle og private kommersielle for pasientar

tilhøyrande region vest. Konsernbudsjettet for 2006 er basert på ein samla produksjon som ligg innanfor bestillinga frå HOD.

Med basis i den samla inntektsramma frå staten og inntektsfordeling 2006 til helseføretaka legg administrerande direktør fram følgjande forslag til budsjett 2006 for det enkelte helseføretak og konsernet (tal i heile mill. kroner):

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	HV RHF	HV ADM	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter										
Basisramme	2 096	1 164	3 489	1 025	0	0	9 688	0	-7 702	9 761
ISF inntekter	700	376	1 110	289	0	0	2 707	0	-2 410	2 772
Gjestepasienter (fakturerer andre regioner)	64	4	83	15	0	0	0	0	0	167
Polikliniske inntekter inkl egenandeler	242	112	361	84	0	0	0	0	0	799
Andre inntekter og tilskudd	100	85	201	48	528	314	0	0	0	1 274
Sum driftsinntekter	3 201	1 742	5 244	1 461	528	314	12 395	0	-10 112	14 773
Varekostnader	467	206	642	139	417	40	12 212	0	-10 112	4 011
Personalkostnader	2 251	1 252	3 726	1 034	82	69	0	32	0	8 446
Andre driftskostnader	413	243	820	286	24	139	0	39	0	1 964
Avskrivninger	194	151	420	121	2	65	0	3	0	957
Sum driftskostnader	3 326	1 852	5 608	1 580	526	313	12 212	74	-10 112	15 378
Driftsresultat	-125	-110	-364	-118	1	1	184	-74	0	-605
Finansinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Finanskostnader	8	1	0	2	0	1	0	0	0	12
Finansresultat	-8	-1	0	-2	0	-1	0	0	0	-11
Ordinært resultat før korr. for meravskrivning	-133	-111	-364	-120	1	0	184	-74	0	-616
Meravskrivning strukturfond	35	15	62	20	0	0	0	0	0	133
Meravskrivning kortere levetider	35	32	123	30	0	0	0	0	0	218
Justering av resultatkrav	-14	10	0	0	-1	0	0	0	0	-6
Korreksjon pensjonskostnad (parametersett)	52	27	85	22	0	0	0	0	0	186
Resultat justert for meravskrivning og auka pensjonskostnad	-25	-27	-94	-49	0	0	184	-74	0	-85
Meravskrivning investeringer 2002-2005	11	27	34	19	0	0	0	0	0	91
Resultatmåling i høve til balansekrav	-14,0	0,0	-60,0	-30,0	0,0	0,0	183,7	-73,7	0,0	6,0

Produksjon i DRG poeng:

	Private									
DRG poeng egne pasienter egen region	54488	28636	81862	22068			13086			200 140
DRG poeng pasienter tilhørende annen region	1236	176	3295	449						5 156
Sum produksjon i eget HF	55724	28812	85157	22517	0	0	13086	0	0	205 296
Fratrekk DRG poeng pasienter tilhørende annen region	-1236	-176	-3295	-449	0	0	0	0	0	-5 156
DRG poeng egne pasienter behandlet i andre regioner/private	3860	1116	1919	1219			7400			15 514
DRG poeng pasineter tilhørende helse vest region	58348	29752	83781	23287	0	0	20486	0	0	215654

I oppstillinga ovanfor er det innarbeidd forventa meirkostnad til pensjon som følgjer av endra parametersett pensjonskostnader. Denne meirkostnaden er førebels estimert til å utgjere kr 186 mill. Ved måling av resultatkravet blir det gjort ei korrigering i resultatet med tilsvarende beløp. Korreksjon for auka pensjonskostnad er lagt inn på ei eiga korreksjonslinje saman med korreksjon for meiravskrivningar.

I konsernsamanstillinga er det eliminert for kjende interne inntekter og kostnader. Dette er ikkje ei fullstendig eliminering, men den fangar likevel dei vesentlege postane og er dessutan resultatnøytral.

Interne gjestepasientstraumar - korreksjon

Det er oppdaga ein feil i talgrunnlaget som viser dei interne gjestepasientstraumane som påverkar tildelinga til Helse Stavanger og Helse Fonna. Rettinga av dette medfører at korreksjonen for interne

gjestepasientstraumar for Helse Stavanger skal vere kr -36,280 mill i staden for kr -21,902. For Helse Fonna skal korreksjonen for interne gjestepasientstraumar vere på kr -83,271 mill i staden for kr -97,750 mill. Rettinga påverkar også fordelinga av kapitaltilskotet med kr 0,5 mill i mindre tilskot til Helse Stavanger og kr 0,5 mill i auka tilskot til Helse Fonna.

Administrerande direktør anbefaler at feilen blir retta opp, men at ein samtidig justerer resultatkravet tilsvarende for dei to helseføretaka. Dette gjer at den budsjettmessige utfordringa til verken Helse Stavanger eller Helse Fonna i 2006 skal bli større.

Laboratorietenester - Internt laboratorieoppgjer

Under sak 104/05 B blei ny inntektsmodell for helseføretaka frå og med 2006 vedtatt av styret i Helse Vest. Under kap. 4.6.2 er det gjort ei nærare utgreiing knytt til laboratorietenester som Helse Bergen utfører for dei andre helseføretaka i region vest og som gjeld inneliggande pasientar. For å unngå høge transaksjonskostnader blei det i rapporten foreslått at Helse Bergen får tilført midlar gjennom overføring i ramma, og at ein ikkje legg opp til kostbare interne faktureringsrutinar. Administrerande direktør vil her foreslå at ein følgjer dette forslaget og gjer ei omfordeling av inntektsramma mellom helseføretaka som svarar til estimerte kostnader ved tenesta. Dette inneberer følgjande justert ramme til helseføretaka:

Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
-4 364	-5 447	13 666	-3 855	0

Dette gjer følgjande inntektsramme justert for interne gjestepasientstraumar og internt laboratorieoppgjer:

Inntektsfordeling 2006 - Samla inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM tildelt inntektsramme 2006 frå RHF - vedtak 15/12-2005	2 778 790	1 540 728	4 487 468	1 304 719	2 283 501	12 395 206
Korreskjon interne gjestepasient straumar	-15 194	15 300	(93)	(13)		-
Omfordeling basert på kostnader laboratorieprøvar inneliggande pasientar	-4 364	-5 447	13 666	-3 855		-
SUM tildelt inntektsramme 2006 frå RHF - vedtak 5/2-2006	2 759 232	1 550 581	4 501 041	1 300 851	2 283 501	12 395 206
<i>Reduksjon av inntektsramma til HF'a som følge av eksternt gjesteapsientoppgjer:</i>						
<i>Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør</i>	-97 635	-28 226	-48 540	-30 837	0	-205 238
<i>Fakturering av gjestepasienter andre regioner</i>	29 464	4 451	83 335	11 356	0	128 606
<i>Kostnad kjøp av kurdøgnplassar</i>	-4 695	-2 815	-6 596	-1 894	0	-16 000
SUM inntektsramme i HF'a	2 686 365	1 523 992	4 529 240	1 279 475	2 283 501	12 302 573


Korrigert oversikt over inntektsfordelinga følgjer vedlagt denne saka.

Administrerande direktør vil med basis i korreksjon knytt til interne gjestepasientstraumar foreslå følgjande oppdatert resultatkrav for føretaka:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Konsern
Resultat	-14,0	0,0	-60,0	-30,0	0,0	0,0	110,0	6,0

Likviditetsbudsjett 2006

Likviditetsbudsjettet er sett opp med utgangspunkt i innmeldt likviditetsbudsjett frå helseføretaka. Grafen under viser forventa overtrekk på kassekreditt for kvar måned.



Helse Vest har fått godkjent ei samla driftskredittramme på kr 1,3 mrd. Som ein ser av grafen vil driftskredittramma vere tilstrekkeleg for å dekke likviditetsbehovet i 2006. Likviditetsbudsjettet vil ha ei usikkerheit i seg, men trekktramma blir likevel vurdert til å dekke denne usikkerheita. Likviditeten vil forverre seg gjennom året som følgje av høgare utbetalingar til pensjon, både som følgje av endra parametersett samt reguleringspremie.

Dersom det viser seg at driftskredittramma er for låg vil Helse Vest måtte søkje departementet om å få auka driftskredittramma. Administrasjonen vil følgje opp behovet fortløpande og orientere styret om utviklinga gjennom økonomirapporteringa.

Forslag til vedtak:

1. Konsernbudsjett 2006 for føretaksgruppa Helse Vest blir vedtatt med følgjande resultatkrav for føretaka:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Konsern
Resultat	-14,0	0,0	-60,0	-30,0	0,0	0,0	110,0	6,0

2. I inntektsramma som blei vedtatt under sak 114/05 B blir det gjort ei omfordeling som tilsvarar kostnadane knytt til intern laboratorieteneste levert frå Helse Bergen til dei andre helseføretaka. I tillegg blir det gjort ein korreksjon for interne gjestepasientstraumar mellom Helse Stavanger og Helse Fonna. For sist nemnde korreksjon er det og gjort ei omfordeling av resultatkravet. Desse forholda gjer følgjande justerte inntektsramme for 2006: